

Til Alver kommune

Saksnummer: 22/1610

Gnr/ bnr. 212/132 m.fl

Adresse: Torvhusmyrane/Ostefjordvegen

Tiltakshaver: ATR Eiendom AS

Gjelder: Søknad om endring i rammeløyve

Bergen, 23.03.2022

Revidert søknad om endring i rammeløyve for gbnr 212/132 m.fl. Eikanger Øvre

Ifølgje administrativt vedtak med saknr 429/15 (sak 14/6930), datert 02.10.2015, vart det med heimel i plan- og bygningslova §§20-3, jf 20-1 bokstav a, gjeve dispensasjon, rammeløyve og delvis igangsettingsløyve for etablering av delfelt KBA1 og KBA2 i næringsområde – gbnr 212/132 m.fl. Eikanger Øvre (sjå vedtak for vilkår). Igangsettingsløyve for resten av tiltaket vart gjeve i administrativt vedtak saknr 027/18, 18.01.2018.

Det vart også gjeve dispensasjon frå reguleringsplanen for opparbeiding av mellombels avkjøyrsløp, samt dispensasjon frå arealføremålet LNF, omsynssone landbruk, i kommuneplanen sin arealdel for legging av VA-leidningar i grunn, på vilkår av at leidningane skulle leggast djupt nok til ikkje å kome i konflikt med landbruksdrifta på det aktuelle strekket. Ettersom dispensasjon allereie er omsøkt og innvilga, søkes det ikkje om dispensasjon på ny.

Med bakgrunn i den faktiske utbygginga som no ligg føre innanfor planområdet, samt søknad om mindre vesentleg endring av reguleringsplan, saknr 20/15398 (forventes innsendt ila veke12/13), søkes det om endring i gitt rammeløyve.

Søknad om endra rammeløyve omfatter dermed:

- Etablering av nytt, permanent vegkryss på E39 for tilkomst til næringsområdet
- Etablering av gang- og sykkelveg langs E39 (frå Eikanger til Eidsnes)
- VA-leidningsnett frå næringsområdet langs Mykingvegen, under denne og vidare til påkoplingspunkt i området regulert for teknisk anlegg i bustadfelt i Vahaugen
- VA i KBA1
- Opparbeiding av veg V1 frå nytt, permanent vegkryss på E39, samt vidareføring av V1 til nordre grense innanfor reguleringsområdet, samt interne vegar innanfor delfelt KBA1, KBA2 og deler av KBA3 (g/bnr 212/150)
- Sprenging og planering av delfelt KBA1 og KBA2
- Sprenging og planering g/bnr 212/150 (i KBA3)

TIPPETUE

ARKITEKTER AS

VA-plan og massehandsamingsplan vart sendt inn og godkjend i samband med opprinneleg søknad om rammeløyve. Desse vert difor ikkje lagt ved denne søknaden.

Endring i rammeløyve er ikkje nabovarsla. Tiltaket vart nabovarsla i samband med opprinneleg søknad, og vi vurderer gjeldande søknad om endring i gitt rammeløyve til å ikkje medføre endringar som gjer behov for ny varsling då det ikkje har medfører ulemper for eller ha negativ innvirkning på naboer, grunneiere eller andre interesserte.

Vedlegg:

Plankart/utomhusplan som vedlagt opprinneleg søknad samt for gjeldende søknad
Gjeldende gjennomføringsplan

Ansvarlig søker

Tippetue Arkitekter AS
v/Mai Cecilie Stabell